

Referat frå styremøtet i Vestnes Sogelag, 28. februar 2024

Tid: 28.02.24, kl. 18-19.30
Stad: Vestnes bibliotek
Til stades: Jørn Inge Frostad, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas
Fråverande: Marit Gjermundnes
Gjest: Torhill Sellereite

Sakliste:

1) Orientering frå valnemnda v / Torhill Sellereite

- Både skriftstyret og fotogruppa fortsett som før.
- I valnemnda går Odd Jarle Talberg ut og Morten Øveraas kjem inn.
- Morten trekker seg som leiar for sogelagsstyret. Han vil likevel bidra til ein friksjonsfri overgang for det nye styret, og han vil strekke seg særst langt for at ny leiar skal få ein god start.
- Hovudutfordringa for valnemnda er å finne ein ny leiar for Sogelaget. Styret og valnemndrepresentant diskuterte kven som kan vere aktuelle kandidatar. Valnemnda tek til vitande forslaga, og vil arbeide intenst dei neste vekene for at dette skal løyse seg.

2) Planlegging av årsmøte

- Årsmøtet skal haldast på Vestnes bibliotek 21. mars, kl. 19.
- Styreleiar utkast til årsmelding fekk anerkjennande nikk frå resten av styret.
- Styret går inn for eit uendra kontingentbeløp.
- Ola Gjendem skal halde foredrag om Mali Furunes i etterkant av årsmøtet.
- Tore skal høyre med kulturskulen om dei kan bidra med musikalske innslag på årsmøtet.

3) Digitalisering og arkivering

- Styret vedtek at me kjøper fotoscanner, som skal nyttast til å digitalisere gamle bilde og dokument, og innlevert materiale til årsskriftet. Øvre kostnadsramme: 5000 kr. Jørn Inge tek ansvar for innkjøp.
- Dette vil mellom anna gi fortgang i prosessen med å scanne primærkjeldene for bygdebok-prosjektet.
- Jørn Inge tek ansvar for å digitalisere ymse bilde- og lydbandmateriale som ligg på lageret på Myra.
- Lydbandopptaka som Jon Frostad gjorde med førstehandsvitne til krigsåra, i samband med frigjeringsmarkeringa i 1995, bør me nyttiggjere. Moglegvis kan opptaka utgjere basis for ein podkast i regi av Sogelaget.
- Styreleiar orienterer om utplassering av nøkkel ved lageret på Myra. Me skal loggføre alt av materiale me tek ut frå lageret.
- Styret støtter at styreleiar tek med seg arkivet av handskrivne årsmeldingar frå lokale ungdomslag for trygg lagring i magasin på Romsdalsmuseet.

4) Orientering og planlegging av komande aktivitetar

- Vestnes Frivilligsentral skal halde arrangementet *FrivilligForum* for alle frivillige lag i kommunen på Vestnes bibliotek den 18. mars. Moglegvis vil Marit Gjermundnes representere Sogelaget denne kvelden.
- Når det gjeld førebuingane til haustens «fotokveld» er Jørn Inge godt i gang med å scanne bilde frå åra kring oppstarten av Vestnesavisa (perioden 1986-1995). Eit utval av dei til saman 2000-3000 bilda vil utgjere både basis og ramme for dette arrangementet.
- Det nye styret må ta stilling til ei eventuell omvising ved militæranlegget ved Øveråssjøen første veka i juni.
- Det nye styret må også avgjere om dei vil lage til eit arrangement knytt til utstillinga om A.O. Sand på Vestnes bibliotek.
- Morten vil høyre med både NTNU-arkeologane og Kristoffer Dahle om dei vil vere interesserte i å delta på tilstellingar i regi av Sogelaget i løpet av året.
- Det kritiske for Sogelaget er fallande medlemstal. Diverre fekk me ingen nye medlemmar i 2023. Me lyt nok vere endå meir bevisst strategiar for sjølvpromotering i samband med fotokveldar og liknande arrangement.

5) Eventuelt

Neste styremøte: 3. april, kl. 18.

Nerås, 28.02.24.

Referent: Tore Tomren